



Arkivnr: 2014/20425-246

Saksbehandlar: Tone Stedal Haugland / Marianne Ose Askvik

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		16.04.2015

Ålmenne kulturføremål våren 2015

Samandrag

Tilskot til ålmenne kulturføremål er open for søkjarar både frå frivillige lag og organisasjonar, profesjonelle institusjonar og einskilde personar. Det er to søknadsfristar i året, og det er vartildelinga som vert lagt fram i denne saka.

Det er ved søknadsfrist 1. mars kome inn 115 søknader som alle er handsama i denne saka. Det er 1.030.000 kroner til fordeling under Ålmenne kulturføremål i 2015, og fylkesrådmannen har innstilt på å fordele kr 633.000 no. Retningslinjer vart vedteke i Kultur- og ressursutvalet 22.01.2015, sak 13.

Samla søknadssum var om lag 3,5 mill. kroner. Innan denne ordninga ligg stønadssummen oftast mellom 8000 og 30 000 kroner.

Den store søknadsmengda viser eit stort behov for midlar og høg aktivitet. Hordaland fylkeskommune har eit regionalt kulturansvar, og det har vore naudsynt å prioritere strengt ut frå dette og dei andre vurderingskriteria. Lokale kulturtiltak må såleis finansierast av vedkomande kommune e.l.. I denne ordninga er der stor breidde i type søknader og søkjarar. Det er søknader frå alt frå små frivillige organisasjonar, enkeltkunstnarar til store profesjonelle institusjonar. Det er utfordrande å finne parameter for å måle søkjarane i denne mangfaldige søknadsmengda opp mot kvarandre. I tillegg til retningslinjene er skal det i vurderinga av søknadene leggjast vekt på desse momenta (i uprioritert rekkefølge):

- *I kva grad tiltaket bidreg til ei utvikling av kulturlivet i fylket*
- *I kva grad tiltaket har verdi for kulturlivet i større delar av fylket*
- *I kva grad er tiltaket nyskapande og kan ha verdi som pilotprosjekt*
- *Om tiltaket kan kople saman aktørar og stimulere til samarbeid på tvers*
- *Dokumentarisk verdi*
- *Kvalitativt nivå på prosjekt og søknad*
- *Gjennomføringsevne og realisme i prosjektet*
- *Fordeling av midlane i høve geografi og sjanger*

I vedlagt liste over søknader er det gitt korte kommentarar til kvar søkjar. Dette gir ein indikasjon på korleis den enkelte søknad er vurdert, men er berre ein del av ei meir heilskapleg vurdering av søknaden opp mot retningslinjer og vurderingspunkta som er sitert over.

Ein har også sett til prioriteringane som ligg i Regional kulturplan *Premiss : Kultur* og tilhøyrande handlingsplan når ein har vurdert søknadane. Desse er i hovudsak sameinte med vurderingskriteria ein har brukt i denne søknadsordninga. Fylkesrådmannen ser likevel at for å oppfylle dei føringane som ligg i

planen er det naudsynt å revidere nokre av kulturstønadordningane. Dette er eit tiltak i handlingsplanen og vert arbeidd med i forbindelse med budsjettarbeidet. Det vil også verte lagt fram for KURE.

Fylkeskommunen er oppteken av å bidra til større breidde i kulturtilbodet. Difor vert nyskapande tiltak, litt smalare tiltak som skapar større breidde og gjev innbyggjarane fleire val i kulturlivet ofte prioritert. Det er viktig at ein med ordninga Ålmenne kulturføremål kan vere med på å realisere utprøvingar, einskildhendingar og prosjekt som ligg utanfor den faste, årlege drifta og som er store løft for arrangørar.

Forslag til vedtak

Kultur- og ressursutvalet fordeler over budsjettpost 10.400.740 Stønad etter vedtak, 633 000 kroner slik:

	Søkjarg org. eller person	Tilråding
1	Amatørkulturrådet	0
2	Anette Bjørnenak med trio	0
3	Anette C. Bjørnenak	0
4	AS Cafe Opera	20000
5	Aslaug Kjær	0
6	Austevoll kunstforening	10000
7	AVGARDE	0
8	Bal Musette ANS	10000
9	BEK - Bergen Senter for elektronisk kunst	10000
10	Benedicte Leinan Clementsen	30000
11	Bente Krossøy	0
12	Bergen Internasjonale filmfestival	15000
13	Bergen Internasjonale Kultursenter/Klubb Kavalér	0
14	Bergen Internasjonale Kultursenter/Kulturhelg2015	8000
15	Bergen Internasjonale Musikkfestival	20000
16	Bergen Kulturforum	8000
17	Bergen Treblåsenensemble B3	0
18	Bergen Vest Seniorteater	8000
19	Bergen Zines	25000
20	Beyond the Gates - Bergen Metal Fest	20000
21	BLOKK	0
22	Blues på blå resept	0
23	Boksalongen LiB as	20000
24	B-open	20000
25	Bøen/Fiskaaen Duo	0
26	Bømlo Film og Musikk	0
27	BØNESKORET	0
28	Cecilie Anna Rønhovde	0
29	Colombi Egg ;(992509678)	15000
30	Cosmic Vibes - MATHIAS PRODUCTIONS	0
31	Det Akademiske Kvarter	20000
32	Det Nordiske Fagottsosymposium	15000
33	D'KOR	0
34	Eikanger-Bjørsvik	20000
35	Eikanger-Bjørsvik	0
36	Fjellkoret	0
37	Flesland Musikklag	0
38	Forsvarets seniorforbund avd. Bergen	0

39	Gjerdarflokken Onarheimsgildet	9000
40	Gro Breivik	0
41	Hardanger Big Band	15000
42	Hardanger og Voss museum	20000
43	Hardanger og Voss museum	0
44	Hardanger og Voss museum v/Kunsthuset Kabuso	20000
45	Hardanger og Voss museum v/Kunsthuset Kabuso	0
46	Hardangerakademiet for fred, utvikling og miljø	0
47	Harding Puls	15000
48	Hild Vang	0
49	Hordaland Bygdekvinnelag	0
50	Hordaland sogelag	8000
51	IDUN VIK	0
52	IDUN VIK	0
53	Ingerlise Størksen	0
54	JITNEY - 996688143	0
55	Jondal Mållag	0
56	Kalandseid IL	0
57	Karina Presttun og Herdis Torsvik på vegne av NKVN	18000
58	Ketil Kinden Endresen	0
59	Ketil Kinden Endresen	0
60	Ketil Kinden Endresen	0
61	KNIPSU	0
62	KNIPSU	0
63	Kulturhuset Østre AS	13000
64	Kvam herad	0
65	Lillian Samdal	0
66	Linda Soh Trengereid	0
67	Luske, v/ Agnes Nedregard	0
68	Lys levende Adele	0
69	Margrethe Kolstad Brekke	0
70	Martinussen Atle Ove	20000
71	Music Artist Drama Entertainment AS	0
72	MusikalHuset v/Marianne Juvik Sæbø	0
73	Musikkfest Bergen	0
74	NJK Gamle Vossebanen	0
75	NJK Gamle Vossebanen	17000
76	Nordhordland Frie Vikinger	8000
77	Nordhordland Næringshage	0
78	Norsk Forfattersentrum Vestlandet	0
79	Norsk Forfattersentrum Vestlandet	20000
80	Norsk Forfattersentrum Vestlandet	20000
81	Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum	17000
82	North Sea Productions AS	0
83	Os Spelemannslag	0
84	Radio Tamil Bergen	0
85	Radio Tamil Bergen	7000
86	Scott Rettberg	12000
87	Seim musikklag	0
88	Senter for hørsensitivitet	0
89	Senter for hørsensitivitet	0

90	Skinnvengir v/ Marita Rabben	0
91	Skjervheimseminaret	0
92	Skrivekunstakademiet i Hordaland	0
93	Stiftelsen Bymuseet i Bergen	0
94	Stiftelsen Christiegården dagsenter og avlastning	12000
95	Stiftelsen D/S Stord I	18000
96	Stiftelsen Lydgalleriet	0
97	Stiftelsen Periferi Festivalen	
98	Stiftelsen Tysnesfest	0
99	Stordfest AS	18000
100	Stiftinga En hjelpende hånd til vår eldste sjømannskirke	0
101	Stord Internasjonale kulturklubb (995352087)	0
102	Sund kommune	8000
103	Suzuki Viva	0
104	Sven Schöttke	0
105	Svortland Skulekorps	0
106	Tag Team Studio	0
107	Teaterkompaniet Grep	0
108	Tertnes Brass	11000
109	Torbjørn Ødegård/Kystforlaget	0
110	Torbjørn Ødegård/Kystforlaget	0
111	Unison as	0
112	Venelaget Olav H.Hauge	8000
113	Vestlandsk sommersymfoni v. NASOL	14000
114	Vidar Lehrmann	11000
115	Åsane Seniorteater v/ Senioruniversitetet i Åsane	0
		633000

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 19.03.2015

Tilskot til ålmenne kulturføremål er open for søkjarar både frå frivillige lag og organisasjonar, profesjonelle institusjonar og einskilde personar. Det er to søknadsfristar i året, og det er vartildeling som vert lagt fram i denne saka.

Det er ved søknadsfrist 1. mars kome inn 115 søknader som alle er handsama i denne saka. Det er 1.030.000 kroner til fordeling under Ålmenne kulturføremål i 2015, og fylkesrådmannen har innstilt på å fordele kr 633.000 no. Samla søknadssum var om lag 3,5 mill. kroner. Innan denne ordninga ligg stønadssummen oftast mellom 8000 og 30 000 kroner.

Ålmenne kulturføremål og Kulturtiltak for barn og unge har same retningslinjer og vurderingskriterier. Desse to ordningane, saman med Kulturelt utviklingsprogram, er dei ordningane som er mest relevante for eit breitt spekter av kulturaktørar i fylket å søkje på. Dette femner eit stort og aktivt felt, både innan kulturminne og samtidskultur- og kunst, både frivillig og profesjonell verksemd.

Søkjarmengda har ligge stabilt høgt dei siste åra, med eit litt større tal søkjarar i vårsemesteret enn hausten. Den store søknadsmengda viser eit stort behov og høg aktivitet, og det har vore naudsynt å prioritere strengt. I denne ordninga er der stor breidde i type søknader og søkjarar. Det er søknader frå alt frå små frivillige organisasjonar, enkeltkunstnarar til store profesjonelle institusjonar. Det er utfordrande å finne parameter for å måle søkjarane i denne mangfaldige søknadsmengda opp mot kvarandre. I tillegg til retningslinjene er det vedteke at ein i vurderinga av søknadene legg vekt på desse momenta (i uprioritert rekkefølge):

- *I kva grad tiltaket bidreg til ei utvikling av kulturlivet i fylket*
- *I kva grad tiltaket har verdi for kulturlivet i større delar av fylket*
- *I kva grad er tiltaket nyskapande og kan ha verdi som pilotprosjekt*
- *Om tiltaket kan kople saman aktørar og stimulere til samarbeid på tvers*
- *Dokumentarisk verdi*
- *Kvalitativt nivå på prosjekt og søknad*
- *Gjennomføringsevne og realisme i prosjektet*
- *Fordeling av midlane i høve geografi og sjanger*

Retningslinjer:

1. Hordaland fylkeskommune har eit regionalt kulturansvar. Løyvingane skal difor gå til tiltak/prosjekt i Hordaland som er av ein slik art at det har regional interesse og/eller nedslagsfelt. Dette kan t.d. vere pilotprosjekt som vil ha overføringsverdi til andre.
2. Stønaden skal gå til prosjekt og tiltak.
3. Det er høve til å søkje støtte under denne ordninga til både profesjonelle kulturtiltak og frivillige aktivitetar.
4. Denne ordninga skal støtte tiltak som har kulturfagleg innhald som hovudføremål, i denne samanheng vert ikkje idrett inkludert i kulturomgrepet.
5. Det vert ikkje gjeve tilskot til følgjande:
 - a) ordinær drift
 - b) investeringar i bygg, anlegg og utstyr
 - c) utanlandsreiser
 Unntak kan vere deltaking i internasjonale tevlingar, m.m. etter kvalifisering eller samarbeidsprosjekt knytt til våre samarbeidsregionar.
- d) Produksjon og utgjeving av skjønnlitteratur, film og musikk.
Unntak kan vere når målet er dokumentasjon med kulturhistorisk verdi.
- e) tiltak/prosjekt i regi av fylkeskommunale institusjonar - t.d. vidaregåande skular
- g) aktivitetar i regi av barne- og ungdomsorganisasjonar som får driftstilskot frå HFK. Unntak her kan vere fellestiltak mellom fleire organisasjonar
6. Søkjar må sende inn elektronisk søknadsskjema.
7. Søknad kan verte avslått om søknadssum er svært mykje høgare enn dei løyvingane som vanlegvis vert innvilga i desse ordningane. Økonomisk gjennomføringsevne og realisme i prosjekt er viktig, og ein legg difor opp til ein praksis med å avslå søknader der ein ikkje finn rom til å innvilge minst 1/3 av

søknadssum. Søkjar kan evt. legge fram alternativ finansieringsplan/skalert budsjett.

I vedlagt liste over søknader er det gitt korte kommentarar til kvar søkjar. Dette gir ein indikasjon på korleis den enkelte søknad er vurdert, men er berre ein del av ei meir heilskapleg vurdering av søknaden opp mot retningslinjer og vurderingspunkta som er sitert over.

Det dreiar seg her om små summar som kan få stor effekt i kulturarbeidet. Det er stort spenn når det gjeld søknadssummar og storleik på prosjekta. Det kjem søknader frå alt frå små, frivillige lag til store, profesjonelle institusjonar. Ein ser at det er auke i pågang og behov når det gjeld det profesjonelle, frie kunstfeltet.

Handsaming av søknadane i forhold til forvaltningslova

Det skal i denne ordninga brukast elektronisk søknadsskjema (+ evt. vedlegg). Søknadene spenner difor frå sparsamt utfylte elektroniske søknadsskjema til gjennomarbeidde søknader med fleire vedlegg.

Alle søknader som kjem inn skal handsamast under den ordninga dei er søkt på, om ikkje anna er avtalt gjennom dialog med søkjar. Opne søknadar som kjem inn til Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga vert handsama etter føringane som er lagt i sak 13/2015. Det vil m.a. seie at nokon søkjarar er oppfordra til å be om at søknaden vert overført til handsaming i Ålmenne kulturføremål.

Ordninga Tilskot til kulturtiltak for barn og unge(aktivitetsstønad) er ei parallellordning til Ålmenne kulturføremål, og dei deler same retningslinjer. Det er ikkje noko som tilseier at ein ikkje kan gje støtte til tiltak til aktivitetar for barn og unge også innan ordninga Ålmenne kulturføremål, men her er nok terskelen for å få positiv tilråding noko høgare grunna større konkurranse. Nokre søkjarar har trekt søknaden frå Ålmenne kulturføremål og bedt om å få overført søknaden til Tilskot til kulturtiltak for barn og unge etter dialog med administrasjonen i Kultur- og idrettsavdelinga. Det er også opplyst om ordninga for barn og unge under informasjonen om Ålmenne kulturføremål som ligg på hordaland.no.

Søknadskategoriar og trendar

Søknadene og tilrådd løyving fordeler seg i ulike tema, kategoriar og sjangrar. Alle deler av fylket er også representert i søknadsbunka, sjølv om det er deler av fylket som er meir aktive enn andre. Det er lagt vekt på ei viss spreiding av midlane, men pågangen av søkjarar speglar naturleg nok også andel av midlar ein region i fylket får.

Det ligg alltid føre ein del søknader om stønad til historisk og kulturhistorisk dokumentasjon. Dette er eit fagfelt som Hordaland fylkeskommune gjennom åra har sett som svært verdfullt. Ein har ikkje kunne innfri alle desse søknadane som i prinsippet ligg innanfor ordninga. Fylkesrådmannen har i denne tildelinga tilrådd i hovudsak slik dokumentasjon som er knytt til meir etablerte institusjonar, organisasjonar, som t.d. musé. Som elles gjeld kriteriet om at det skal ha verdi for eit større område eller heile fylket. Hordaland fylkeskommune ved fylkesarkivet har gjennom mange år støtta lokalhistorisk arbeid ved fagleg støtte og kompetanse.

Der er også komne inn nokre søknader frå musea. Nokon av desse er tilrådd støtte då det er gode tiltak og prosjekt med regional verdi som fylkesrådmannen vurderer å ligge utanfor den vanlege museumsdrifta dei får årlege tilskot til over fylkeskommunen sitt kulturbudsjett. Det er viktig at musea sine ekstraordinære prosjekt også vert lyfta opp og prioritert i samanheng med driftssøknadane. Dette for at prosjekta skal verte sett inn ein meir heilskapleg samanheng og prioritering knytt til museumsplanen.

Under denne ordninga kjem det inn mange søknader om stønad til diverse samtidskunstprosjekt. Talet på slike søknader viser ein stor aktivitet innan det profesjonelle, frie samtidskunstfeltet i fylket, og mangel på midlar. Mange av desse søknadane kjem frå einskildkunstnarar/kunstnargrupper, og det kan vere vanskeleg å skilje og prioritere desse ut frå dei breie, meir ålmenne kriteria som ligg i denne ordninga. Det er også vanskeleg å forutseie i kva grad slike prosjekt og produksjonar har verdi for kulturlivet i større delar av fylket. Ein ser difor eit behov for ei meir reint kunstnarleg vurdering av denne type søknader, dvs. det kvalitative nivå på prosjektet og kunstnarane si gjennomføringsevne og realisme i prosjektet slik det er langt fram. Det er vanskeleg å innrette dette på ein tilfredsstillande måte i denne ordninga. I denne søknadsrunda har ein i hovudsak har vald å tilrå støtte til fellesprosjekt av regional tyding. Dette er noko ein tar tak i og

vurdere korleis ein skal handtere når ein no gjennomgår søknadsordningane for omlegging / tilpassing til regional kulturplan. Nye / reviderte søknadsordningar vil verte gjeldande frå 2016.

I følgje retningslinene har fylkesrådmannen avslått søknader til utanlandsprosjekt jmf. retningsline 3 c. Unntak kan vere – i tråd med retningslinene – tiltak knytt til våre vedtekne samarbeidsregionar. Det overordna føremålet med ordninga – utvikling og styrking av kulturlivet i Hordaland – skal også ivarekast om ein skal løyve midlar. Ein ser likevel at ein kan hende bør sjå på denne retningslina/ det internasjonale aspektet ved revidering av ordninga / omlegging av søknadsordningar. Spesielt det profesjonelle kunst- og kulturfeltet har ei internasjonal arbeidsform og ein bør sjå om og evt. på korleis fylkeskommunen kan kome desse behova i møte.

Det kjem inn ein del søknader til årvisse/jamne tiltak. Nokre av desse har også fått tildelingar. Ein kjem i ein del av desse tilfella opp i problemstillinga at det tenderar til driftsstønad. Ein del av desse kunne i prinsippet fått årleg driftsstøtte over fylkeskommunen sitt budsjett om ramane for dette hadde vore vidare. Dei søker i Ålmenne kulturføremål oftast om relativt små summar. Det er viktig at desse prosjektmidlane ikkje vert bundne opp til for mange årvisse tiltak som etter kvart reknar med ein viss sum frå fylkeskommunen. Då midlane i denne søknadsordninga er svært avgrensa i forhold til behovet vil ein også måtte kunne prioritere vekk nokon tiltak som ved andre tildelingsrundar har fått positivt tilsegn. Det må gjerast merksam på at dette er prosjekttilskot og at søknadene kvart år vert vurdert på nytt opp imot samla søkjarmasse.

I vedlegget har fylkesrådmannen gitt ein indikasjon på grunnen til tildeling/avslag. Det er viktig å ikkje ta kvar enkeltkommentar som ei fyldestgjerande forklaring/grunngjeving for tilsegn/avslag, men som moment i ei heilskapleg vurdering opp i mot kriteriana, fylkeskommunen si kulturpolitiske rolle og samla søknadsbunke.